


ANALYSE

Moglegheitsstudiet av ungdomsskuletomta og Straumhaugen i Norheimsund tek for seg potensialet og mogeleg framtidig bruk av eit areal på totalt 25 daa i Norheimsund sentrum. Ungdomsskuletomta har etter nedlegginga av skulen hatt ein til dels tilfeldig bruk, men området husar i dag viktige funksjonar knytt til skule, familie - og oppvekst, kunst og kultur. Den direkte nærleiken til sentrum gjer arealet til eit svært viktig område for framtidig utvikling av Norheimsund som tettstad, og ikkje minst i forhold til utvikling av Norheimsund som regionalt kraftsenter. Målet med prosjektet er å styrke Norheimsund som tettstad, kommune- og regionsenter. I denne funksjonsdelinga er det naudsynt å sjå på ulike faktorar som både saman - og kvar for seg - styrker alle desse skalaene. Prosessen med utvikling av studiet er gjennomført med brei brukarmedverknad, i form av idedugnad halden på skulen, og gjennom gode innspel frå skuleelevar som har gjennomført egne oppgåver. For å nå ei naudsynt breidde i studiet i høve til dei måla som er sett, har det vore nødvendig å sjå litt utover ungdomsskuletomta og Straumhaugen som dannar grunnlaget for mogelegheitsstudiet. Vi har hatt som mål å synleggjere dei verkemidla kommunen har tilgjengeleg for å sjå potensialet i eit framtidig Norheimsund. Oppgåva tek ikkje mål av seg å designe framtidias ungdomsskuletomt i Norheimsund, men på bakgrunn av diskusjonane i oppgåva ønskjer kommunen å kunne fatte riktige val knytt til områdets funksjon i framtida.



Tettstaden Norheimsund.
Sentrale tema:
- Avstandar og tilgjenge
- Mylder og mangfald
- Skule og oppvekst
- Uterom og møteplassar



Regionalt senter Norheimsund.
Sentrale tema:
- Næringsutvikling
- Framtidige arbeidsplassar
- Utanning
- Kultur



Primærområdet for moglegheitsstudiet er areala i og rundt ungdomsskuletomta, markert i kartet som 1a og 1b. Her spelar skulebygningen i seg sjølv ei sentral rolle.

Om sjølve bygningen, heile eller delar av den skal rivast eller behaldast, og på kva tidspunkt i prosessen den avgjerda må takast, vert det ikkje konkludert med i dette studiet. Men for ei heilskapleg og framtidig utvikling av arealet vil det vere naturleg å tenkje seg at eit nytt og funksjonelt bygg bør erstatte dagens bygg. Arealet er strategisk viktig i høve til å binde områda fra rådhuset, skulen og ned mot sentrum tettare saman. Området Straumhaugen er markert 1b og er den nordlege delen av studieområdet, og er i dag mindre brukt enn tidlegare. Grove har over tid utvikla seg frå ei lita naustrekke ved fjorden til ein handelsstad som ligg tett opp til Straumhaugen, men utan gode samband mellom dei to høgdenivåa. Då promenaden langs fjorden vart etablert, laga kommunen også betre tilrettelagte rekreasjonsareal der, og Straumhaugen har etterkvart mista sin funksjon som “byparken” i Norheimsund. Tidlegare var Straumhaugen utgangspunkt for markeringar som 17. mai, det er den eksempelvis ikkje lenger.


Ungdomsskuletomta og Straumhaugen ligg sentralt plassert i Norheimsund. Det let seg vanskeleg gjere å drøfte potensialet i området utan å sjå det i tett samanheng med resten av sentrum. For å fatte rette funksjonsval på ungdomsskuletomta, er det avgjerande å studere funksjonar i resten av sentrum og sentrumsnære område - markert som område 2 i kart. Ungdomsskuletomta har i dag funksjonar som er tett knytt saman med skulen, som kulturskulen. Denne nærleiken vert nemnt som ein viktig faktor både frå skulen og elevane. Dersom desse funksjonane vert flytta ut frå området vil det ha konsekvensar for korleis sentrum vert brukt. Det er desse samanhengane som er viktig å avdekke i studiet. Området ligger tett på sentrum med trafikk-knutepunktet for buss og båt. Det bør særleg verte vektlagt i framtidig planlegging. Utfordringar i sentrum er særleg knytt til vidare næringsutvikling og parkering. Det er i dag overflateparkering i store delar av sentrum, noko som pregar tettstaden i stor grad sjølv om det alt er lagt stor innsats i opprydding av situasjonen. Sentrum er prega av høg aktivitet på dagtid, men har mindre tilbod og aktivitet på ettermiddag og kveldstid. Det gjer at sentrum vert opplevt som tomt og “dautt” etter at den kommersielle aktiviteten stenger.

3 hovudstrategiar for vegval vidare

1 - Utvide programmet i sentrum med aktivitetar og tilbod som aktiviserer større delar av sentrum over eit lengre tidsperspektiv. (Illustrasjon under - ei oppsummering av funksjonsinnspel frå folkemøtet)



2 - Knyte program og byrom tettare saman. Det er relativt korte avstandar mellom sentrum og delområda like utanfor. Vi trur denne kvaliteten må takast vare på, og det vil vere viktig å halde sentrumsavgrensinga lita, og heller jobbe med gode kommunikasjonar til andre område. Transformasjon og fortetting er vanskeleg, og det er lett å falle for freistinga til å utvide tettstadsarealet i staden for. Men for å oppretthalde tettstaden Norheimsund som eit kraftsenter i regionen, treng vi eit kompakt sentrum meir enn mange funksjonar spreidd utover eit stort område.



3 - Frigjere viktige sentrumsområde som i dag vert nytta til parkering og leggje tilrette for ei framtidig parkeringsløyising som støttar opp om vidare næringsutvikling i sentrum. Når sentrumsarealet er lite, er det ikkje god stadutvikling å bruke det til parkering.



Kartet viser nokre av areala i sentrum av Norheimsund som i dag vert nytta til gateparkering.

MEDVERKNAD

Ein viktig føresetnad for å lukkast i arbeidet med moglegheitsstudiet har vore høg grad av medverknad frå kommunen, sentrale aktørar i sentrum og regionen, skulen, elevlar, kulturaktørar og “folk flest”. Det er dei som sit på spisskompetansen og kjenner historia til staden. Det er også ikkje minst dei som skal realisere framtidige planar. At arbeidet er godt forankra i lokalmiljøet er avgjerande. Vi har gjennomført ein felles idédugnad i Norheimsund. Her stilte rundt 50 deltakarar med kunnskapsrik innleving og vi fekk drøfta viktige problemstillingar og innspel. Elevlar ved skulen har også bidratt med elevoppgåver. Til saman utgjer dette rikhaldige materialet grunnlaget for mange av dei veivala vi har valt å presentere i studiet.

Idédugnaden vart gjennomført som gruppearbeid inndelt i ulike tema/ interesseområde.

- 1) Norheimsund som handelssenter i regionen
- 2) Norheimsund som det inkluderende, sosiale og kulturelle senteret i regionen
- 3) Norheimsund som bustad og folketyngdepunktet i regionen
- 4) Offentleg tenesteyting i Norheimsund

Individuelle oppgåver i idédugnaden:

- * Beskriv din visjon for Norheimsund i 2020 og 2040
- * Beskriv to framtidstrendar eller framtidstrekk du har tru på vil skjje
- * Beskriv korleis vi bør jobbe for å nå målsettingane

Så i gruppe:
Presenter arbeidet 4 minutter på kvar.
Finn fellestrekk – ein felles visjon?
Beskriv det vi må ha for å kome dit

Set opp programmet i kategoriar regional, kommunal og lokal -
kva må vere i Norheimsund?
Kor stort er det? Tek det mykje plass? M2? Vi hjelper med storleikar på
papir.
Plasser funksjonane på kart
Teikn inn / fotodokumenter

Under idédugnaen kom det fram svært mange gode diskusjonar, og utsnittet av området for diskusjonane var “heile Norheimsund” I kartet er det oppsummert og kartfesta innspel samla for alle gruppene. Det som markerer seg som ein tydeleg retning, er ønsket om mylder og mangfald på ungdomsskuletomta, og at dette mylder og mangfaldet har potensial til å bidra til auka aktivisering og bruk av sentrumsområdet.

Fleire gode program er foreslått og drøfta i høve til sterk binding til skule, familie, kunst og kultur, på tvers av generasjonar, interesseområde og tid på døgeret. Det andre viktige poenget som vart vektlagt var å knyte desse programma opp mot skule - og oppvekstmiljøet ved skulen - og samtidig inn mot sentrum.



- "Nårhøimssund skal være ein vital og levande tettstad der folk møtes"
- "Nårhøimssund skal være et attraktivt møtested og reiselandskap med godt utbytte offentlige tjenester, service og handel"
- "Norges mest attraktive reiselandsenter i fjordregionen Nårhøimssund"
- "I tillegg et sentrum tilrettelagt for nyke trafikkanter"
- "Forretting i sentrum, flere boliger og flere sentrums arbeidsplasser"
- "Kulturhuset må ha inngang fra Rv 49"
- "Urban sentrum med flere program og bruk av alle grupperinger"
- "Jungdomsskoleområdet må ha mange ulike bruksområder med tanke på ukedager, midtallige, årlige, år, arrangementer, offentlige folk osv"
- "Viktig samarbeid mellom skole, kulturhus og bibliotek"
- "Viktig med synlig aktivitet i mange av husene i sentrum også der butikken er stengt"
- "Viktig med aktivitet i mange av husene i sentrum også der butikken er stengt"
- "Bevarede plassene for kulturhuset, det er oppdeling av funksjoner og forfetting av sentrumsfergen vi trenger"

Oppsummering elevoppgåver frå Norheimsund:

2) Kvar bur du?

Elevane som har svart på dette spørsmålet bur for det meste innanfor kartavgrensinga, samtidig som det er nokre elevar som bur utanfor det viste området og skriv dette inn som tekst.

3) Korleis kjem du deg til skulen? Går, sykklar, vert køyrt, tek du skulebuss ?

Elevar som bur utanfor det viste området på kartet skildrar i stor grad at dei kjem til skulen med buss. Eit sær s lågt tal på elevar skriv at dei vert køyrt til skulen. Mange elevar går eller sykklar til skulen trass i til dels lang skuleveg.

Kommentar: Dette er eit sær sars bra og noko oppsiktsekkjande funn. Norheimsund har vore dyktig i å utvikle gode gang-og sykkelårer, noko desse funna må vere eit resultat av . Fotgjengarar er dei beste brukarane av sentrum, og born og unge er framtidas sentrumsbrukarar.

4) Er det stader i Norheimsund du ikkje brukar eller aldri har vore? Dei fleste elevane er godt kjent i Norheimsund og skildrar få stader dei ikkje har vore eller brukar. Stader dei ikkje har vore er gjerne knytt til funksjonar dei ikkje naturleg har grunn til å oppsøkje. Verd å merke seg er at fleire ikkje har vore i kommunens rådhus.

5) Kva er den beste staden i Norheimsund?

Her kjem det mange interessante svar og fotballbana er ofte den staden elevane oppgjev som den beste staden i Norheimsund. Elles nemner mange sentrumsområdet Grove og stranda som sin favorittstad. Alternativ som kaien, båtsenteret, heime, og ingen stader finst også.

6) Kva stader brukar du på fritida?
 Fotballbana er igjen det svaret som går att flest gonger. Skulen og kulturskulen er viktige arenaer for denne aldersgruppa, og ca 1/5 skriv at dette er stader dei brukar i fritida.
 Sentrum og næringane der er også i bruk av elevane som er spurt i

denne undersøkinga, og om lag like mange oppgjev stranda som ein stad dei oppheld seg på fritid.

7) Når du kjem til Norheimsund, kvar er staden du tenkjer «no er eg komen heim»?

Ikke alle har svart på dette, men Steinsdalsfossen, bensinstasjonen, rundkøyringa, og fartøyvernsenteret er nemnt.

Kommentar: Desse svara seier noko om tettstaden sine ytre rammer, kva born og unge opplever som tettstaden si avgrensing. Det kan sjå ut som om strekket frå bensinstasjon til fartøyvernsenteret gjev ei god ramme for sentrumsforståinga.

8) Kva er den beste staden i verda? Kvifor?


Her er det mange referansar til stader elevene har vore på ferie, det er i tillegg ein god del som svarar Norheimsund! Det er i tillegg svart nærliggande område til Norheimsund og naturen rundt.

9) Korleis skape det i Norheimsund?

Her er svara i kategori grovt sett todelt. Det er referanser frå feriereiser med varmere klima, tivoli, legoland, utplanting av palmar (falske) som dominerer på den eine sida, og elles andre konkrete forslag til kva dei ønskjer seg i Norheimsund. Her er ny svømmehall nemnt av mange, i tillegg til fleire butikkar, ny kino, treningspark, klatreveggar, meir dekorasjon, innandørs fotballhall, skisenter og «eit meir moderne sentrum»

Kort oppsummert er det areala rundt skule og idrett som representerer kjerneareala for denne gruppa, og i tillegg er både sentrum med handel og strandarealet viktige område. I teikningsmaterialet dei har levert ligg det mange kreative forslag med eit fortetta sentrum og ei mylder av tilbod. Mange av forslaga til nye program er teikna inn i nærleiken til skulen på den eksisterande «ungdomsskuletomta».

Kommentar: Å jobbe for ei tydeleg, bilfri og grøn samankopling av sentrum og skule-idrettsområdet ser ut som eit godt prosjekt.



GREP

Idédugnaden ga både nye innspel og stadfesta mange av forventingane vi hadde gjort oss på førehand. Mange av funksjonane som vert ønskt lagt til ungdomsskuletomta høyrer naturleg til her, og vil kunne fungere som aktive “motorar” for Norheimsund som tettstad og regionalsenter. Det er også andre aktuelle program i Norheimsund som er viktige å ta med i denne diskusjonen. Det gjeld spesielt eit framtidig kulturhus og planlagt ny vidaregåande skule. Vidare i moglegheitsstudiet vel vi å ta desse programma med i ei heilskapleg drøfting av potensialet for utvikling - ikkje berre av ungdomsskuletomta og Straumhaugen, men for ein større del av Norheimsund.

Kulturhuset og det planlagte programmet der vil klart kunne styrke både det lokale kulturlivet, og gje Norheimsund ein viktig kulturell posisjon i regionen.

Den vidaregåande skulen vil også kunne bidra til styrking av Norheimsund som regionalt senter, og bidra til auka aktivitet og mange nye arbeidsplassar. Moglege brukarar av tettstadsfunksjonar, som elevar og tilsette ved skulen, bør ha så kort avstand til sentrum som mogleg for å kunne utnytte potensialet. Vi meiner derfor at den nye vidaregåande skulen må plasserast innanfor sentrumsområdet, og helst mellom bensinstasjonen og fartøyvernssenteret.

Ser ein samla på programma frå moglgheitsstudiet, kulturhuset og den vidaregåande skulen og samanstillr desse med tilgjengeleg areal i sentrum, finn vi at det er mogeleg å finne plass til alt ein ønskjer med nokre tydelege grep og klare fokusområde.

Område 1a Straumhaugen

Dette området danner “porten” inn til Norheimsund og er strategisk viktig for vidare utvikling av næring i sentrum. Borna trekkjer det fram som “portalen”. Flere innspel har antyda ønskje om næring på begge sider av Sandvenvegen - Grove, for å skape eit tosidig gatemiljø med fortau og handel på gateplan. Ved å utnytte terrenget og areal under haugen kan ein her etablere parkering i fjell med lett (heis) tilkomst til både gateplan og dagens parknivå. Med ein byggjestruktur her med høge næringsetasjar i gateplan og bustader i etasjar over , vil arealet kunne tene både til næringsutvikling, avvikling av gateparkering og fleire sentrumsnære bustader.

Dette er et ambisiøst grep, men vil kunne gje ei god og varig løysing for parkeringsbehovet, samt knyte øvre og nedre delar av sentrum saman med heisløysing som tilfredsstiller krav til universell utforming.

Ved å setje høge krav til utforming og utføring vil grepet kunne danne ein ny og spennande “port” til Norheimsund. Bustadene vil liggje høgt og fritt med utsyn over fjorden, vatnet og bygda. Resterande parkareal vil gje gode uterom og fungere som felles uteareal. Det vil vere viktig å lage eit godt offentleg samband mellom det øvre nivået og ned til Sandvenvegen og sentrum, noko som kan løysast både gjennom bygg og med trapper i terrenget.





Siden Straumhaugen allereie er gjort inngrep i, har sjølve skjeringskanten ingen eigentlig landskapsmessig verdi. Vi forstår likevel at forslaget vil gje endring i kjent landskap og kan vere utfordrande.

Område 1b Ungdomsskuletomta Ungdomsskuletomta har vekt stort engasjement i medverknadsprosessen, og eit mangfald av program er ønskt inn i området. Arealet er godt høveleg for transformasjon, og er stort nok til å romme program knytt til skule, kultur, familie, kulturaktivitetar og offentlege funksjonar som bibliotek. Tomta vil kunne verte eit viktig knutepunkt mellom aksane i tettstaden og knyte både område og program tettare saman. Frå trafikk-knutepunktet med buss og båt går det ein klar akse opp mot skulen og rådhuset, og vidare til idrettsområdet. Aksa bør utviklast og forsterkast med publikumsfunksjonar på begge sider av gateløpet, og med rikelege fortausareal til sosiale møtepunkt og kaféar. Vi ser for oss at biblioteket bør leggjast i denne aksa, med god tilkomst både frå sentrum og skulen. Bibliotek og utvida funksjoner i forhold til det vil kunne gje liv i gata og eit naturleg møtepunkt ut over kommersielle opningstider. Vi har tatt heile ungdomsskuletomta i bruk i forslaget, med aktive fasadar mot gata og ein meir introvert “kulturhage” som knytter seg inn mot skulen sitt uteareal. Andre program ein i mange tilfelle legg til nye kulturbygg, som øvingslokale, mindre scener o.l. kan med fordel leggjast inn i “kulturkvartalet” for å skape mylder og utvida aktivitet. Området vil på det viset tene “dagkulturtilboda” i Norheimsund, tilbod som vert brukt ofte av born og familiar og som genererer liv kvar dag.




Høgdeforskjellane i området er utfordrande og stiller krav til utforming og tilgjenge. Vi ser for oss at dette kan løysast internt i bygg, med utvendige snarvegar i form av trapper og gangvegar.



Arbeidsområdet i mogelegheitsstudiet er primært knytt til ungdomsskuletomta og Straumhaugen. Vi har likevel sett behov for å inkludere it større område inn i våre analysar og studiet av Norheimsund.



Med smale bygg langs kanten av Straumhaugen og variert byggjehøgde med snitt på 5 etasjar vil dette arealet ha eit utbyggingspotensial på nær 8000 m2 brutto bygg, 500 parkeringsplassar og eit grønt felles uteområde.



Ungdomsskuletomta kan med ei gjennomsnittleg byggjehøgde på 3 etasjar romme ca 12500 m2 med nytt program slik skissene viser. Vi meiner utbygging her må skje med høg grad av konnektivitet, mot skule, bygda og dei indre romma som vert skapt mellom bygga.

GREP

Nytt kulturbygg i Norheimsund er planlagt på tomte nord for Fartøyvernsenteret. Tomta ligg utanfor vårt studieområde, men har i våre tankar likevel ein klar samanheng. Mange av programma som er ønskt inn i sentrumskjernen er nært knytt opp til kultur-omgrepet, og dess fleire av dei som vert lagt tett på sentrum, dess meir vil det bidra til auka og fleirfaldig bruk og treffpunkt.


Vi meiner også at den vidaregåande skulen er ein viktig motor for tettstaden, kommunen og regionen, og at den også bør plasserast i - eller nært - sentrum. I høve til den store kultur- eller storsalen som er ønskt i Norheimsund, meiner vi at den bør byggjast saman med og som ein del av den vidaregåande skulen. Det vil bidra til meir effektiv sambruk med skulen, og synergien vil kunne gje auka bruksfrekvens i større delar av døgeret og året.

Ved å fordele kulturprogrammet i sentrum mellom kulturskulen på ungdomsskuletomta og ny vidaregåande skule med kultursal, oppnår ein større nærleik til publikum, gode koplingar mellom skule og kultur i ulike sjangrar, og utnyttar dei samla areala slik at det er arealmessig rom for dette.


Ein vidaregåande skule gjev sentrum eit viktig tilskot av arbeidsplassar, og elevane vil vere ein viktig og hyppig sentrumsbrukar.

Det er gode gang samband til kollektivknutepunktet både når det gjeld dagleg bruk og ved større arrangement.

Å kombinere bygging av konserthallen / kulturhuset med programmet i ein vidaregåande skule vil også kunne gje økonomiske fordelar som kan gjere kultursalen meir gjennomførleg.



- 1) KULTURSAL/ AUDITORIUM 2) VIDAREGÅANDE SKULE 3) PARK



Med eit grunnplan på ca 3800 m2 og eit bygg på over 4 etasjar vil den vidaregåande skulen med integrert kultursal kunne romme i overkant av 15 000 m2. Det er til samanlikning tilsvarande arealet for Voss nye gymnas, som skal romme 600 elevar og 85 lærarar.

Vi meiner at mogleighetsstudiet viser at rammene for å ta eit heilskapeleg grep i Norheimsund som er framtidsretta både i lokal og regional skala er gode. Studiet viser kanskje tankar som er på tvers av det ein har brukt lang tid på å planleggje i forhold til eit kulturbygg, men vi meiner likevel at vårt forslag er eit viktig innspel i framtidsretta planlegging og utvikling av bygda. Det er viktig at større grep som vert teke inkluderer det som allereie er opparbeidd på staden og som fungerer godt i dag.



5


TETTSTADSUTVIKLING

Urbanitet - struktur og utvikling
Urbanitet handlar ikkje om bygg, byggehøgder eller utsjånad. Det urbane potensialet ligg i mellomromma mellom bygga - på gateplanet. Det er menneska og aktiviteten i bystrukturen som skapar det urbane miljøet, ikkje bygningane.

Å jobbe med utvikling av stad- og bykjerner er derfor knytt til å optimalisere tilhøva for menneskeleg aktivitet, og ikkje nødvendigvis det bygde miljøet. Her ser vi at det ofte vert gjort feil. Internasjonal forskning viser at ein kan måle ei gate sitt urbane potensial etter kor mange andre gater den møter. Dess fleire møtepunkt der er med gata, jo større sjanse er det for at innbuarar og besøkjande kjem til nett denne gata. Fleire folk i ei gate gjev auka grunnlag for næringsliv. Talet på slike koplingar til ei gate vert kalla gata sin "konnektivitet".

Store arbeidsplassar (som vidaregåande skular), viktige målpunkt (som felles parkeringsanlegg, skular, kulturinstitusjonar og kollektivknutepunkt), rekreative område (som strender og parkar), dei store bustadkonsentrasjonane og butikkane folk ønskjer å kome til, bør leggjast langs gatene med det største urbane potensialet. Funksjonane bør liggje litt frå kvarandre, men med gåavstand mellom. Dermed vert det planlagt for menneskeleg rørsle i det same gateløpet som i utgangspunktet har det største potensialet. Det betyr at parkering og kollektivknutepunkt gjerne kan liggje med eit par hundre meters avstand, men vendt mot same gate. Det skapar ei rørsle gjennom gateløpet og aukar sjansen for eit godt lokalt næringsliv.

I ein kvartalstruktur har alle trafikantgrupper like store høve til å rørsle. Dersom ei av gatene vert strupt slik at den berre kan brukast av ei brukargruppe - eksempelvis fotgjengarar - vil ein jobbe med området sin "permeabilitet". Ein kan halde konnektiviteten ved lag, men samtidig redusere trafikk. Dette er eit avgjerande punkt i moderne byforståing.




Over er vist ein tenkt kvartalstruktur der konnektivitet vert halde ved lag, medan permeabiliteten til motorisert ferdsl er monaleg redusert.

Å utvikle Straumhaugen som ein kvartalstruktur eller ikkje, vil ikkje i seg sjølv gje eit større urbant potensial. Kvartalstrukturar er i utgangspunktet dyre å byggje ut, og det finst rimelegare strukturelle system som gjev høgare grad av konnektivitet. Vi trur derfor at strukturen bør kome som ei følgje av programmet på tomta, og ikkje at programmet bør tilpasse seg ein vedteken struktur. Konnektiviteten til Grova er det springande punktet i utviklinga.




Når ein har jobba med auka konnektivitet i gateløpet og med å lokalisere viktige målpunkt til samme gate, vil ein ha optimalisert potensialet for rørsle gjennom gata. Då vil kvaliteten på rørsla vere det viktigaste å byggje vidare på. Å leggje opp til gode fortau, låg biltrafikk, samanhengande system for fotgjengarar og syklistar både i gata, og til gata, er eit av dei viktigaste tettstadsgrepa Norheimsund kan gjere. Resultata frå medverknadsprosessen viser at kommunen allereie er godt på gang. Dersom ein får til eit parkeringsanlegg under Straumhaugen, vil trongen for lokaltrafikk verte monaleg redusert. Vi meiner ein bør krevje at folk kan gå frå dette punktet, gjennom Grove, og til destinasjonen. Det vil mellom anna seie at tilsette på rådhuset kan parkere og gå til jobb. Det gjer også at vi ser at det er mogeleg å stenge nedste del av Grovagjelet for gjennomgongstrafikk. Får ein det til, vil ein ha gjort mogleg ein nær bilfri samanheng mellom sentrum og idrettsområdet, via skule og rådhus. Her vil Norheimsund sitt viktigaste plassrom koples sammen i en moderne og flott almenningsstruktur.




For Norheimsund vil konnektivitet bety å jobbe med koplingar til Grova og Sandvenvegen. I størst mogleg grad bør det sørgjast for fotgjengarbaserte koplingar, og redusert biltillkomst Ein bør også kople på funksjonar som genererer rørsle på denne gatestrengen. Vi trur ikkje det bør arbeidast med fleire slike strenger, men satsast på denne eine. Det er dette som er hovudgata, dette er utgangspunktet for rørsla, det er herifrå ein vel å gå til skulen eller strandpromenaden. Sentrum må dyrkast som utgangspunktet for ei kvar fotgjengarrørsle.



Det "perfekte" bustadgatesnittet oppstår når gata er i forhold 5:3 til veggane i gateløpet. Då er det rom for forhagar eller grøne område langs fasadane.



Gjennom studiar av byar og tettstader i heile Europa har forskarar kome fram til "det perfekte næringsgatesnittet". Breidda bør vere i forhold 1:1 minus 1,6 meter til byggehøgder inn mot gata. Dette er eit tett og urbant gatesnitt. Det er laga slik at ein kan gå på fortauet på eine sida av gata og enkelt lese skilt på den motsette sida. Dette er forska fram som det gatesnittet der flest menneske kryssar over gateløpet for å ta del i aktivitetar på motsett side - eksempelvis handel.




Parkering i Norheimsund
En gjennomgang av overflateparkering i Norheimsund sentrum viser at det i dag vert brukt 12400 m2 sentrumsareal til parkering. Dette er verdifullt areal som kan nyttast til andre funksjonar. Omgjort til bustadbygg i fire etasjar vil det teoretisk kunne gje ca. 50.000 m2 bustad - opp mot 500 leilegheiter på litt under 100 m2 (teoretisk og ikkje gjennomfølg arealeknestykke som ikkje tek stilling til andre moment, men som gjev ein peikepinn på kor store areala er.). 12400 m2 tilsvarar ca. 500 parkeringsplassar i eit velorganisert parkeringsanlegg. Det tyder på at det ligg eit stort potensial i å organisere eit felles, sentralt parkeringsanlegg i Norheimsund.

Fellesanlegg for parkering har ei rekke positive sider:


- Rimelegare enn private og separate anlegg under det enkelte bygget
- Parkering i kjellar er den mest prisdrivande faktoren i norsk bustadbygging. Eit fellesanlegg vil gjere bustadutvikling konkurransedyktig på en heilt annan måte
- Felles parkering minskar internttrafikk, skapar betre forhold for gode nabolag, uteleik og barnevenlege område
- Fellesanlegg er ein av dei framste byutviklarane med det at ein kan styre kvar folk kjem ut av anlegga og styre rørslene slik at ein stor opp om sentrumsgatene.
- Frigjev andre areal sentralt i Norheimsund
- Kan byggjast, finansierast og driftast av ekstern aktør eller kommunalt selskap, dersom kommunen opnar for betaling på parkering.

Å fristille 12400 m2 areal sentralt i Norheimsund vil kunne bidra til auka urbanisering av sentrumsstrukturen.



I snittet av Grova over er vegbreidda målt til ca. 19 meter. Det viste bygget mot Straumhaugen er vist som 26 meter høgt.

I forhold til teorien om gatesnitt vurderer vi det slik at Grova toler bygningar på fire til seks etasjar inn mot Straumhaugen. Mot Grova er bygget vist høgare enn teoretisk optimal høgde, gateløpet toler dette fordi bygga på fjordsida er lågare slik at gaterommet har gode dimensjonar og bustader i øvre etasjar vil ha utsikt over bygga på andre sida. Mot Straumhaugen er bygget lågare og har berre bustadetasjar.



Mogelegheitsstudiet over viser eitt nytt "kulturkvartal" på ungdomsskuletomta og eit nytt nærings- og bustadkvartal kring Straumhaugen. Vi har her vist mogelegheitene til nye samanhengar som opnar seg ved å rive ungdomsskulen, og opne kvartalet mot Gamle Sandvenvegen og barneskulen. I vårt studium er det ikkje trekt nokre konkluderande slutningar om riving av heile eller delar av ungdomsskulebygget. Funksjonane i bygget og strukturane rundt det er viktigare.

Vi ser det som viktig å knyte det meir urbane kulturkvartalet og kulturparken saman med den grøne parken på Straumhaugen. Ein parkallmenning opnar for variasjon i uttrykk, utforming og oppleving av offentlege uterom.

Sør for kulturkvartalet på ungdomsskuletomta viser vi Grovagjelet som ein allmenning som knytter skule, idrett, og rådhus på oppsida av Gamle Sandvenvegen saman med kulturkvartalet og hotell, kollektivknutepunktet og sjøpromenaden på nedsida av Grova/ Sandvenvegen.

Grova som hovudgate vert forsterka i ei tosidig gate med fortau og nye bygg som husar næring og bustader.